

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Møtoreferat

Møte: Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde (nr. 3/2020)

Dato: 18.09.2020

Stad: Rådhuset på Larsnes (Sande kommune)

Møtetid: Kl. 11.30-14.00

Til stades:

Herøy kommune ved kommunalsjef Renate Rossi-Kaldhol

Sande kommune ved helse- og omsorgssjef Bård Dalen

Ulstein kommune ved kommunalsjef Marit Botnen

Vanylven kommune ved kommuneoverlege Cecilie Oppedal

Volda kommune ved kommunalsjef Svein Berg-Rusten

Ørsta kommune: ved seksjonsleiar helse- og velferdstenester Kristin Vik

HMR – Volda sjukehus ved klinikkssjef stadleg klinikk Volda Palma Hånes

HMR – Volda sjukehus ved rådgivar stadleg klinikk Mona Ryste (nestleiar LSU)

HMR – Volda sjukehus seksjonsleiar BUP Volda Kari Standal

HMR – Volda sjukehus ved seksjonsleiar DPS Hallgrim Myklebust

HMR – Volda sjukehus ved praksiskonsulent Stian Endresen

Brukarutvalet ved Asbjørn Ringdal Gausdal

Andre:

Britt Valderhaug Tyrholm, spesialrådgivar i Helse Møre og Romsdal

Forfall:

Hareid kommune ved kommunalsjef Nils Arne Skagøy (leiar LSU)

Vanylven kommune ved kommunalsjef Aud Marie Åsen

Volda kommune ved kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol

Ørsta kommune ved stableiar tildeling og koordinering Oddvar Marøy

Møteleiar: Mona Ryste, nestleiar for LSU Volda sjukehusområde

Referent: Vegard Austnes, rådgivar i Sunnmøre Regionråd

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 20/2020: Velkomen til møte i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde.

Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt. Ved nestleiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Mona Ryste

Nestleiar ønskte velkomen til møtet. Innkallinga vart godkjend.

Nestleiar sa at ho var imponert over kommunane sitt arbeid i koronapandemien, og at velfungerande primærhelsetenester er viktig.

Sak til eventuelt var [referatet](#) frå sist møte i OSU 9. september 2020, der OSU bad dei lokale samhandlingsutvala følgje opp 3 saker:

1. I OSU-sak 11/20 bad Overordna samhandlingsutval dei lokale samhandlingsutvala sjå på tiltak for å auke bruken av ØHD/KAD-tilboda. LSU tok dette inn som ei drøfting i sak 27/2020 i møtet.
2. I OSU-sak 13/2020 bad Overordna samhandlingsutval om at palliativ plan også blir diskutert og følgt opp i dei lokale samhandlingsutvala. Palliativ plan vart teke inn som ny sak 28/2020 i møtet.
3. I OSU-sak 11/2020 bad Overordna samhandlingsutval om at rådgjevar Jo Volle i HMR vert invitert til dei lokale samhandlingsutvala for å sjå på forbetningsområder knytt til transport av psykisk sjuke. Volle vert invitert til neste møte i LSU Volda sjukehusområde 11. desember 2020.

Sak 21/2020: Godkjenning av referat frå forrige møte nr. 2-2020 (12.06.2020)

Ved nestleiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Mona Ryste

Referatet frå forrige møte vart godkjend.

Sak 22/2020: Referat frå Sjustjerna-møtet om kva som rører seg i kommunane. Innlegg frå

Volda sjukehus om kva som rører seg der. Ved leiar i Sjustjerna helse og omsorg Bård Dalen og klinikksjef for stadleg klinikk ved Volda sjukehus Palma Hånes

Dalen viste til at det vert for lite tid på Sjustjerna-møta når LSU-møta tek til kl. 11.30. Han kom med forslag om å starte møta i LSU Volda sjukehusområde kl. 12.00.

Sjustjerna helse og omsorg jobbar mykje med digitale løysingar saman med Søre Sunnmøre IKT (SSIKT), t.d. felles serverar, felles programvare og felles rutiner på helsestasjonar. Dei har ein ressursperson på velferdsteknologi, samt eit prosjekt om Helseplattformen. Sjustjerna helse og omsorg tek steg i lag og utviklar kommunane i felleskap. Dette gir gevinstar både når det gjeld tenestekvalitet og økonomi.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Det er interkommunalt samarbeid om psykologteneste for kommunar som ikkje har hatt det. Kommunane samarbeider med Volda sjukehus om ulike kompetansetilbod.

Det er behov for å drøfte legevaktsamarbeid på søre Sunmøre i høve til rekruttering og tenestekvalitet. Det er mykje fokus på somatikken, men grupper innan rus og psykiatri treng ei anna type legevakt med lengre konsultasjonar. Legevaktsamarbeid vert sak på neste møte i LSU Volda sjukehusområde

Hånes viste til at det er mykje nytt på Volda sjukehus. Nyleg vart det opna ny dagkirurgi. Det vert også eit nybygg med utvida akuttmottak og smitterom. Over akuttmottaket vert det bygd ut poliklinisk areal. Sjukehuset får ei eiga eining for dagpasientar der dei kan skjermast. Tilbodet kan spare pasientgrupper (t.d. infusjon) for reiseveg og unødig innlegging. Ein håper i vere godt i gang med nybygget i løpet av 2021.

Hånes ga honnør til kommunehelsetenesta i koronasituasjonen.

Sak 23/2020: Høyring om revidert samhandlingsavtale

Orientering ved Stian Endresen, medlem i forhandlingsutvalet ved revisjon av samhandlingsavtalen (for HMR, som leiar for PK MR)

Presentasjonen følgjer vedlagd. Revidert samhandlingsavtale mellom HMR og kommunane er på høyring med høringsfrist 26. oktober 2020. Endresen viste til at alt om høyringa ligg tilgjengeleg på helse-mr.no.

Plikta for helseføretak og kommunar til å inngå samhandlingsavtale er lovfesta. Samhandlingsavtalen skal konkretisere ansvars- og oppgåvefordelinga mellom kommuane og helseføretaket, og bidra til at pasientar og brukarar mottek eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester.

Etablering av helsefellesskap påverkar samarbeidsstrukturen i revidert avtale.

Prinsippa for helsefellesskap legg opp til ein 3-delt struktur:

Nivå 1. Partnarskapsmøte. Dette er eit årleg møte for å forankre retning.

Nivå 2. Strategisk samarbeidsutval. Utvalet skal utvikle strategiar og handlingsplanar, samt handtere saker og løpande beslutningar.

Nivå 3. Fagleg samarbeidsutval. Utvala skal utvikle prosedyrer og tenestemodellar.

På nivå 3 i samarbeidsstrukturen er det også lokale samhandlingsutval knytt til kvart sjukehusområde.

I mandatet for forhandlingsarbeidet er det lagt føringar på at revisjonsarbeidet skal føre til harmonisering av dei ulike avtalane i helseregionen. I avtalestrukturen er talet på delavtalar redusert frå 15 til 6.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

På grunn av nasjonale føringar om forenkling av avtalane, er det ikkje anbefalt eigne delavtalar for avgrensa grupper, t.d. barn og unge. I staden skal det vere operative retningslinjer og arbeid i faglege samarbeidsutval.

Revidert samhandlingsavtale presiserer at helseføretak og kommunar har gjensidig veiledningsplikt.

Planen er at den nye samhandlingsavtalen skal tre i kraft 1. januar 2021.

Sak 24/2020: Tilskot til sekretæransvar for dei nye helsefellesskapa

Innleiing ved praksiskonsulent Stian Endresen, HMR – Volda sjukehus

Helsedirektoratet lyser ut tilskot til sekretæransvar for dei nye [helsefellesskapa](#).

Sekretariatsfunksjonen skal bidra til at helsefellesskapa lukkast med å utvikle og planlegge berekraftige og samanhengande helse- og omsorgstenester.

Ei kommune per helseføretak kan søkje om å organisere samarbeidssekretariatet.

Sak 25/2020: Videokonsultasjonar innan geriatri eller andre fagområde. Samhandling mellom fastlegar/sjukehuslegar. Planlegging av eit webinar innan geriatri – kan LSU kome med råd til arbeidsgruppa i høve til tema? Ved rådgivar stadleg klinikk Mona Ryste (nestleiar LSU) HMR – Volda sjukehus

Sjukehuset og kommunane på søre Sunnmøre har felles fagdagar i samarbeid med Høgskulen i Volda. Eit webinar innan geriatri i januar 2021 er under planlegging.

Eldre og covid-19 er eit aktuelt tema på webinarret, t.d.:

- deling av erfaringar og utfordringar
- løysingar for isolerte bebuarar i sjukeheim – løysingar i høve til respiratorpasientar på sjukehus
- styrking og meistring
- kriseleiing – korleis ser framtida ut i høve til eldreomsorg

Det er etablert ei arbeidsgruppe. Innspel på tema kan sendast til Stian Endresen, Gro-Anette Frøystad Voldsund eller Mona Ryste.

Sak 26/2020 Presentere filmen «Kva er viktig for Daniel?». Ved spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i Helse Møre og Romsdal HF

Filmen vart vist i møtet. Den skal gi meir innsikt i korleis ein snakkar med pasienten rundt temaet: «Kva er viktig for deg?» Filmen finn ein på [helse-mr.no](#).

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 27/2020: Statistikk over bruk av ØHD i 2019

Ved spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i Helse Møre og Romsdal HF

Presentasjonen følgjer vedlagd. Tala som vart presentert er henta frå Helsedirektoratet.

I Volda sjukehusområde har det vore nedgang i innleggingar – døgnopphald som ø-hjelp frå 2015 til 2019. Det kan tolkast som at kommunane følgjer opp pasientane betre.

Når det gjeld reinnleggingar av eldre over 80 år i 2019, er det variasjonar frå kommune til kommune. Bruken av palliativ plan gjer at færre blir reinnlagd i sjukehus.

Overordna samhandlingsutval har bede dei lokale samhandlingsutvala sjå på tiltak for å auke bruken av ØHD/KAD-tilboda. I Volda sjukehusområde har det samla sett vore lav bruk av ØHD/KAD og høg forekomst av innleggingar.

Frå brukarutvalet var det kommentert at mange brukarar synest at ØHD/KAD er eit flott tilbod. Kompetanseoppbygging med rettleiing frå spesialisthelsetenesta vert viktig.

Ved Volda sjukehus er det eit prosjekt med videokonsultasjonskontor. Kontoret kan t.d. vere ein samhandlingsarena der ein førebur ein heimreisesituasjon. Det kan både vere ein arena for planlagte konsultasjonar og ad hoc.

Alle fastlegar har kamera for konsultasjon på sin arbeidsstad. Sande kommune og Herøy kommune har videokonferanserom. Kompetansebygging og videokonsultasjonar vert sak i nest møte.

Sak 28/2020: Palliativ plan

Ved spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i Helse Møre og Romsdal HF

Overordna samhandlingsutval har bede om at palliativ plan også blir diskutert og følgt opp i dei lokale samhandlingsutvala. Palliativ plan er eit viktig samhandlingsverktøy som skal ligge i journalen under kritisk informasjon.

Palliativ plan kan vere eit hjelpemiddel for pasientar som ligg på sjukehus. Begrepet palliativ plan er under endring, og planen kan t.d. gjelde i 5-7 år.

Overordna samhandlingsutval ville at lokale samhandlingsutval skulle drøfte korleis ein kan auke bruken av palliativ plan. Alle pasientar med langtids plass i sjukeheim bør ha ein palliativ plan.

Konklusjonen vart at ein tek opp palliativ plan i webinarret om geriatri (jf. sak 25/2020). Vidare at sjukepleiarutdanningane bør lære opp i palliativ plan.